

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 29.5.2018 – Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel – Kvinherad kommune	
Til stades:	Kvinherad kommune: Hans Inge Myrvold (varaordfører), Øyvind Utne (politikar), Hilde Enstad (politikar), Odd Ivar Øvregård, Kjartan Thoresen, Anbjørn Høivik, Hildegunn Furdal, Harald Maaland, Hilde Holdhus (Greensight) HFK: Eva Katrine Taule, Hans-Christian Engum, Lars Øyvind Birkenes, Elizabeth Warren, Kari P. Kleppe, Trond Wahl, Gunhild Raddum, Martin Tvedt, Else-Marie b. Aarø, Tale Halsør, Per Nordmark, Grete K. Jacobsen Kjell Håland (KIRU), Mattilsynet: Arne Oftedal FM: Egil Hauge, Morten Sageide, Birte Markeseth Aasen Fiskeridir: Ingerid Bjørkevoll Direktoratet for mineralforvaltning: Åshild G. Østmoe	
Møtetid:	9.00 – 13.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Hans-Christian Engum

Regionalt planforum 29.5.2018 Planprogram for Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel – Kvinherad kommune

Referat planforum 29.5.2018

Innleiing frå kommunen

Kvinherad er inne i positiv utvikling for å få til planarbeid og det har høg prioritet både politisk og administrativt. Kommunen har styrka planstaben og har gjort grep der ein tydelegare har skilt plan og forvaltning. I perioden som har gått har kommunen hatt mange planprosessar gåande parallellt, og spesielt ein langvarig KPA-prosess har krevd ressursar. Erfaringa er at kommunen må tenke meir langsiktig, også prosessuelt.

Kommunen ser det som avgjerande å utvikle gode silingskriterier for å prioritere dei beste og mest riktige utbyggingsområda. Desse bør vere politisk forankra. Dei vil og vere viktige for å unngå unødige omkampar. Å få til ei grovsiling slik at ein unngår å måtte gjennomføre konsekvensutgreiing på uaktuelle innspel, vil vere god hjelp til å avgrense arbeidsvolum. Vil gjerne ha innspel frå planforum til korleis ein utarbeider gode silingskriterier.

Medverknad er viktig, men tek tid. Dette må bli balansert mot å oppretthalde framdrifta. Kommunen vil legge til rette for digital dialog, folkemøter, temamøter etc.

Politikarar i kommunen har signalisert at ein bør vere meir bevisst kva tema som skal takast opp i planprosessen, og at ein særleg i arealdelen bør avgrense kva tema som skal takast med. I dagens møte ber kommunen spesielt om innspel om kva tema som bør vere med i prosessen vidare, detaljane er mindre viktige på dette stadiet.

Kommunen tek sikte på å ha parallelle og delvis felles planprosess for både samfunnsdelen og arealdelen, men det kan vere dei skil lag etter kvart dersom det er hensiktsmessig.

Samfunnsdelen skal fortelje kor kommunen står, kor ein skal, og korleis ein kjem dit. Den skal styre både samfunn og kommunen som organisasjon. Planen skal ha ein handlingsdel og det er viktig å tenke gjennomføring av plan. Eigarskap til planen politisk er viktig for å unngå stor grad av dispensasjonar i ettertid.

Kommunen peiker på at Kvinnherad har ein svært desentralisert struktur, noko som gjer at fokus på samferdsel blir viktig. Samtidig er Husnes definert som regionsenter. I løpet av planprosessen må ein utforske kva dette inneber for arbeidet. Det vert også utarbeidd ein eigen kommunedelplan for regionsenteret.

Kommunen peiker på at dei har behov for «planstyrt fleksibilitet», og reknar med at det vil kunne skape utfordringar i planarbeidet. Kommunen meiner PBL først og fremst er retta mot kommunar med vekst og at verktyga for styring i ein desentralisert kommune manglar. Spørsmålet er korleis ein kan få til utvikling i bygdene utan å gå gjennom reguleringsplan. Kan ein utvikle gode føresegner i KPA som sikrar dette? Bør kommunen bruke områdeplan i større grad som direkte heimlar utbygging utan krav om detaljregulering? Kommunen ønskjer også å jobbe vidare med å etablere byggegrenser i LNF-spreitt-områda, det er mange gamle bustadområde som er omdanna til LNF i gjeldande plan der kommunen vil ha byggegrense for å unngå unødige dispensasjonar.

Aktuelle tema

Kommunen hadde ein omfattande prosess i 2012 knytt til samfunnsdelen og vil ta utgangspunkt i temalista som vart utarbeidd den gangen. I utgangspunktet arbeider kommunen ut i frå følgjande tema for samfunnsdel og arealdel

Samfunnsdelen

- Næring
- Bustad
- Samferdsle og transport
- Senterstruktur, tettstadutvikling og utbyggingsmønster
- Helse og omsorg
- Gode oppvekst- og læringsarenaer
- Reiseliv
- Klima og miljø
- Folkehelse
- Kultur, idrett og fritid
- Attraktivitet
- Samfunnstryggleik og beredskap

Arealdelen

- Næring (inkl. landbruk)
- Bustad
- Akvakultur
- Småbåthamner og fellesanlegg i sjø
- Allment friluftsliv og grøntområde
- Off. eller privat tenesteyting
- LNF-Spreitt-område i strandsona
- Handtering av overskotsmassar

Det er viktig for kommunen å få alle aktuelle utgreiingar på bordet slik at ein sikrar det kunnskapsgrunnlaget som er naudsynt for å ta i vare regionale krav. Kommunen har foreløpig definert følgjande utgreiingsbehov:

- Flaumfaresonekartlegging
- Klassifisering av elvestrekningar knytt til kantvegetasjonsbeltet
- Strandsoneanalyse – forbetring av eksisterande byggegrense og for å få setje byggegrense i LNF-S
- Konsekvensutgreiing – treng vi ny metodikk?
- Moglegheitsanalyse for Mauranger
- Barnetråkk
- Klima – Green-Sight
- Analyse bustadbehov
- Analyse av tilgjengeleg bustadareal (HFK)
- Rullering av kartlegginga og verdsetjinga av friluftslivsområda

Kommunen ønskjer hjelp til bestilling av ei kystsoneanalyse. Ønskjer også innspel på KU-metodikk.

Frå politisk side vart det poengtert at Nasjonalparkforvaltaren burde vore til stades i planforum, mellom anna fordi det vert jobba med ein besøksstrategi for nasjonalparken.

Kommentar frå planforum: Fylkesmannen skal ivareta problemstillingar knytt til nasjonalparkar i planforum.

Plenumsdiskusjon

Innspel til samfunnsdelen

Det er prisverdig at Kvinnherad kommune drar i gang igjen prosessen straks arealdelen er vedtatt. Det er positivt at kommunen bygger opp planressursane. Det er positivt at kommunen reviderer samfunnsdelen. Ved parallelle prosessar er det fare for at arealdelen tek mykje fokus. Det er viktig at kommunen sikrar at samfunnsdelen ikkje berre vert ein tilleggsøving, men ein god og relevant plan for samfunnsutviklinga og arealdisponeringa.

Fylkesmannen meiner kommunen treff godt med utval av tema. Det er positivt at næringstemaet er med i heile spekteret frå industri til småskala reiseliv og landbruk.

Bustadtemaet er viktig. Kommunen må finne den rette balansen mellom spreitt og tettbygd. Fylkesmannen har fått tydelege føringar på å følge opp bustadsosiale forhold, dette skal vere tema i all planlegging.

Når det gjeld reiseliv er det viktig å ha med seg alle sider ved utviklinga. Sjå til dømes på Trolltunga der det har vore ei formidabel vekst i besøkande. Dette har ikkje berre positive konsekvensar.

Medverknad er bra. Viktig å få med grupper som ikkje alltid vert høyrte.

Samfunnsdelen bør ta opp tema som barnefattigdom, fråfall i vidaregåande skule, vold i nære relasjonar, sosial ulikskap og bustadsosial handlingsplan. Fylkesmannen viser til kvalitetsreformen for eldreomsorgen og Stortingsmeldinga «Leve hele livet». Kvalitetsreformen «leve heile livet» har fem hovudpunkt, fem løysingspunkt innanfor kvart tema. Korleis legge til rette for aktivitet og fellesskap og saumlaus samordning av tenester. Det hadde vore nyttig at kommunen gjennomførte ei utgreiing på dette feltet.

Kommunen må huske deira ansvar for å vurdere alle tema i forhold til nasjonale føringar og lovverk og ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag med naudsynt detaljgrad.

Kommentar frå kommunen: Må finne rett nivå på utgreiingar. Det er ein balansegang mellom rett detaljnivå og framdrift. Må vere overkommeleg arbeidsmengde samtidig som ein ikkje skal bli for overordna. Lovverk og nasjonal politikk kan også innebere målkonfliktar. Planstyrt fleksibilitet er viktig, det kan ikkje vere like rigid over alt.

Folkehelse

Planstrategien for Kvinnherad hadde gode strategiar for folkehelse, finn ikkje desse igjen i materialet som no vert presentert. Folkehelse treng kanskje ikkje vere eige tema, men meir gjennomgåande tema som naturleg vert innarbeidd som ein del av andre tema. Då kan ein få løfte temaet i heile sin breidde. Det er spanande at kommunen tenkjer godt om medverknad.

Skildring av korleis ein skal drive nettverk og dialog manglar i planprogrammet. Det er og viktig å synleggjere dei ikkje prissette verdiane som er viktig for folk og folkehelsa. Dette gjeld også møteplassar for folk.

Kommunen bør tenke kreativt om medverknadsarenaer, gjerne desentralisert. Berre 10-20% av befolkninga finn det naturleg å gå på folkemøter. HFK jobbar med fleire kommunar med eit prosjekt som handlar om korleis en kan jobbe med medverknad frå folk. Stord kommune har vore gode på dette gjennom nærmiljøprosjektet (folkehelse). Dei har nytta butikkar og skular til å møte folk der dei er, og for å få eit mangfald av deltakarar til å engasjera seg.

Kvinherad var ein av dei første kommunane som laga folkehelseoversikt og den var veldig god. Korleis skal kommunen jobbe vidare med den og korleis grip ein fatt i problemstillingane i planprosessen.

Folkehelse, klima og miljø bør vere gjennomgåande tema, ikkje berre eigne sjølvstendige tema.

Regionsenter

Interessant at kommunen vil sjå seg i samanheng med kommunane omkring, og det er positivt sidan Husnes har status som eit regionsenter. Kommunen bør gjennomføre ein handels- og næringsanalyse, kva er behovet og mogelegheitene i Kvinherad kommune. Ein bør og sjå på pendlarstatusen i kommunen.

Kommunen må ha fokus på å etablere ein senterstruktur som vert lagt til grunn for kor skal ein bygge. Kva bygder er det som har potensiale for utvikling og kor skal det vere meir spreitt bygdelig?

Regional plan for attraktive senter har gitt behov for at HFK samordnar sin verksemd i større og har difor etablert regionsenterringen der alle avdelingar er representert, inkludert Skyss. Denne gruppa har møter ute i kommunane og har vore i Fjell, Askøy og Lindås. Ringen bør ha møte i Kvinherad i løpet av prosessen med samfunnsdelen.

Næring og reiseliv

Positivt at næring har blitt løfta som tema, og det er bra at landbruk er ein del av næringstemaet, og ikkje berre er redusert til eit arealtema. Kvinherad er ein viktig jordbrukskommune som nummer to på lista over kommunar med høgast tilskot til bønder. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein temaplan for landbruk, som skal handsamast politisk i juni, som kan vere nyttig for kommunen i planprosessen vidare. Det er viktig at kommunen legg til rette for langsiktighet og føreseielegheit for bøndene.

Hordaland fylkeskommune har også utarbeidd ein reiselivsstrategi for vestlandet som seier litt om trendar, til dømes at det er ei endring frå turist til opplevarolle. Kommunen har stort potensiale med tanke på naturopplevingar og sterke levande bygder. Det er mange små reiselivsaktørar og arbeidet kan sjå på er om det mogeleg for kommunen å legge til rette for samarbeid.

Viktig med fokus på næring og entreprenørskap. Det viktigaste er ikkje mobilisering ved akutte situasjonar, men at det er meir langsiktighet i å legge til rette for eit robust næringsliv på sikt, her kan kommunen sjå til Regional kompetanseplan. Kommunen må definere sine behov. Korleis fungerer vidaregåande skule, har ein dei rette linene? Kompetansesenteret i kommunen gir gode moglegheiter og må byggast vidare på. Vi oppmodar til å leggja inn Ungt Entreprenørskap som tiltak i skulane i kommuneplanens samfunnsdel, jf. regional næringsplan for Hordaland.

Planlegging i sjø

Kommunen har nettopp vedteken arealdel for sjø og den er bra fordi den har store nok areal som legger til rette for akvakultur. I det vidare arbeidet bør ein ta høgde for nye artar som kan bli aktuelle i framtida. Nye produksjonsmetodar kan det og vere behov for å legge til rette for. Det blir sannsynlegvis også aktuelt å finne areal til akvakultur på land. Taredyrking er også nyleg blitt mykje fokus på. Her er det viktig at kommunen tenker langsiktig og legger til rette for dei endringane som kan kome.

Kommunen bør ha fokus på fiskeri, også i samfunnsdelen. Marint biologisk mangfald bør også vere med som tema.

Statistikk og analyse

Det vert etterlyst bakgrunnsmateriale med fokus på mellom anna demografi og næringsstruktur. Dersom ein arbeider kronologisk og først utarbeider godt kunnskapsgrunnlag, vil dette vere eit godt grunnlag før man går inn på andre tema. Då er det lettare å identifisere målretta strategiar osv.

Hordaland fylkeskommune lagar befolkningsprognoser og også hushaldsprognoser. Dette kan vere eit godt grunnlag og hjelp for kommunen til å avgjere kva deler av befolkninga som treng bustad og kva bustadtypar kommunen treng. Hordaland fylkeskommune har også nøkkeltal for næringsstruktur. Kor stor er kommunen på ulike næringar.

Hordaland fylkeskommune kan også bistå med å undersøke kva bustadreserve som finns i kommuneplanen og korleis denne ligg lokalisert i høve til teknisk og sosial infrastruktur. Dette er eit godt utgangspunkt for å avgjere om kommunen treng meir areal til bustad og om arealreserven er gunstig lokalisert.

Kommentar frå kommunen: Analysegrunnlag er viktig. Utviklinga i busetnaden er ikkje dramatisk, men vi har dramatisk utvikling når det gjeld barn. Kommunen bør ha strategiar for å få tilbakeflyttarar/tilflyttarar. Sjølv om vi har nedgang i folketalet, har vi auke i kostnadsbiletet fordi vi har vekst i grupper med spesielle behov (eldrebølgja).

Klima og ROS

Kommunen jobbar godt med klima og har mellom anna vore med i prosjektet HordaKlim. Det er viktig å ha fokus på den raude tråden frå klimaplan og over i andre planar slik at målsettingane er i samsvar med kvarandre og at kommunen gjennomfører naudsynte tiltak. Grepet med å legge klimatilpassing under ROS-temaet er eit riktig val.

Areal- og transport

I samfunnsdelen må temaet BATP(samordna bustad-, areal- og transportplanlegging) bli løfta fram og peike på korleis kommunen skal handtere det vidare i arealdelen. Fokus på utbyggingsmønster må bli knytt til senterstrukturen. Mykje av transportbehovet som skapast heng saman med lokalisering av bustad og næring.

Kommunen bør ikkje berre ha fokus på dei store transportårane, men også korleis ein skal legge til rette for mobilitet i befolkning og næringsliv; satse på gange og sykkel, knytte utviklinga av gang- og sykkeltilbodet til skulestrukturen. Her finst det også midlar ein kan søke på hos HFK.

Kultur og idrett

Kommunen bør legge til grunn *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 (inkluderer tema fysisk aktivitet idrett og friluftsliv)*. Denne kan gi inspirasjon til prosessen og arbeidet med kommuneplanen.

Arbeidet med kulturminneplan i kommunen fekk ein god start, men har drukna litt i anna arbeid. Den har mykje godt grunnlag som ein kan nytte inn i KPA-prosessen. Kommunen bør og sjå på moglegheitene for å nytte kommunens kulturarv som ein del av reiselivssatsinga.

Det er mange kunnskapsrike og gode lokale krefter i Kvinnherad, til dømes Bokverket.

I kommuneplanen bør ein sjå på moglegheiter for tilrettelegging av turstiar og skjøtsel av landskap. Her kan HFK vere aktive og legge til rette.

Samanheng mellom samfunnsdel og arealdel

For å forenkle arbeidet til kommunen bør det vere tydeleg samanheng mellom samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen bør ha tydelege mål som er nyttige for arealdelen og bør også ha arealstrategiar. Dette vil også forenkle arbeidet med silingskriterier som kommunen etterspør. Av denne grunn bør arbeidet med samfunnsdelen ha prioritet i første del av prosessen og kommunen bør vurdere om dei skal skyve noko på arealdelen. Ved tydelege føringar frå samfunnsdelen vil arbeidet med arealdelen bli meir avgrensa og effektivt. Sjå til Lindås som no nyleg har vedteken samfunnsdelen før dei starta opp arealdelen. Samfunnsdelen er god fordi den gir tydelege rammer for arealdelen og synleggjer korleis ulike planar skal bidra til måloppnåing. Sjølv om denne planen har i overkant mange strategiar kan den vere til inspirasjon når det gjeld struktur for å synleggjere samhengane i plansystemet som heilskap.

Kommentar frå kommunen: Det er stor lokal semje om at det er viktig å få på plass samfunnsdelen og kommunen skal vere varsam med å gape over for mykje, men det er ei tydeleg politisk bestilling på at arealdelen må ha fokus. Politisk forankring er viktig og dette må kommunen ta på alvor.

Utgreiingsbehov

Som grunnlag for kommuneplanen bør det føreligge ein kartlegging av dei sentrale jordbruksområda i kommunen. Dette er eit viktig grunnlag for å sjå på balansen mellom utvikling i bygdene og knytt til senterstrukturen.

Veldig positiv til at kommunen skal gjennomføre flaumsonekartlegging og klassifisering av elvestrekningar. Dette ligg i grensesnittet mellom ansvaret til FM og NVE. Det viktigaste er at kommunen finn ut om det er flaumfare i utbyggingsområda dei legg inn i kommuneplanen, utover dette er det mindre interessant å vurdere flaumfaren.

Generelle byggegrenser i kommuneplanen er Fylkesmannen kritisk til, men det er viktig og naudsynt med byggegrenser i utbyggingsområda. Byggegrenser i LNF-områda blir berre lagt til grunn for tiltak i tråd med føremålet.

Strandsoneanalyse er viktig og bra at kommunen vil gjennomføre. Den er likevel ikkje like viktig der det ikkje skal bli bygga.

Statens vegvesen sin handbok for konsekvensutgreiingar er mykje nytta og er ein akseptert metode også i kommuneplanarbeid, men det er ikkje den einaste metoden ein kan nytte. Det viktigaste er at kommunen gjer gode vurderingar av konsekvensane av utbygginga dei føreslår.

Det er positivt at kommunen utarbeider moglegheitsanalyse for Mauranger. Dette må bli sett i samanheng med Odda.

Barnetråkk er sentralt. Staten er vil ikkje godkjenne utbygging der det vil vere fare for barns trafikksikkerheit. Kommunen bør også kartlagge elevenes skuleveg, *Trafikkagenten* er ein app som ungane kan nytte til eigenregistrering.

Planforum gir bred støtte til behovet for å gjennomføre ei analyse av bustadbehov og arealreserven i gjeldande kommuneplan.

Det er behov for at kommunen gjennomfører ein handels- og næringsanalyse for å ivareta krava i føresegna for handel gitt i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*. HFK oppdaterer tal og statistikk årleg som kommunane kan bruke.

Planforum stiller spørsmål ved behovet for å revidere kartlegginga av friluftsområder i kommunen. Kartlegginga som er gjennomført er vel dekkande og god?

Kommentar frå kommunen: Dette er oppfølging av eit politisk vedtak.

Mineralressursar bør vere eit utgreiingstema i planarbeidet og kommunen bør i samfunnsdelen peike ut strategiar for korleis ein skal nytte dei ikkje fornybare ressursane. Desse verdifulle areala er det viktig å ikkje bygge ned. Dette inneber at kommunen må ha oversikt før ein set i gang arbeidet med arealdelen. Ein må ha grunnlag for å synleggjere ressursane i KPA. Kvinnherad har mellom anna ein ressurs av Kvarts som er av nasjonal verdi. NGU har materiale og kart som kommunen kan nytte i arbeidet.

Sjødelen

Når det gjelder konsekvensutgreiing av arealbruk i sjø trengs det utvikling av ny metodikk. Kommunen har klare fortrinn innan marine næringar i dag og har og store mogelegheiter for landbaserte anlegg. Dette bør kommunen gripe fatt i. I kommuneplanen må arealbruk enten utgreiast tilstrekkeleg til at det er grunnlag for vidare særlovshandsaming, eller så grundig at særlovskrava er ivareteken.

Regional kystsonesplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er i departementet for endeleg avgjerd. I planen ligg det kunnskapsgrunnlag, dette må nyttast på ein god måte uavhengig av kva utfallet av departementshandsaminga vert. Departementet arbeider også med ein rettleier for arealplanlegging i sjø.

Kommunen kan sjå til Fusa kommune som er godt i gang med kommunedelplan for sjøareala i kommunen. Kanskje kan kommunane samarbeide om metodeutvikling?

Kommentar frå kommunen: Utfordringa er at metoden må bli skildra i planprogrammet.

Innspel til arealdelen

Dersom kommunen vel å bygge i strandsona eller på dyrka mark eller viktig naturmangfald, må ein dokumentere behovet og at reelle alternativ er vurdert.

Kulturminne

Det er mykje godt i dagens KPA når det gjeld forvaltning av kulturminne. Dei motsegnene som vart gitt til den nyleg vedtekne planen var i hovudsak reint tekniske. Grepet med områdeplan som kommunen vurderer kan vere utfordrande i forhold til kulturminnelova. Lova krev at undersøkingsplikta i §9 er oppfylt ved vedtak av reguleringsplan, og då må HFK inn å registrere. Dette kan vere utfordrande økonomisk og ressursmessig dersom planane dekker større areal. Ein bør tenke nøye gjennom avgrensing av slike planar.

Handel

Handel må handterast som tema i kommuneplanprosessen. Dette er eit tema som ble vektlagt i HFK sin politiske uttale til gjeldande plan, men som ikkje vart følgt opp av kommunen. *Regional plan for attraktive senter* har føresegn for handel. Den må bli følgt opp og handel må bli tatt med som tema i planprogrammet. Føresegna inneber at det i første rekke er i senterområda at ein skal legge til rette for handel. HFK har utarbeidd ein mal for handelsanalyse og har relevant statistikk tilgjengeleg. HFK kan gjerne ha eigne møter med kommunen om dette tema.

Mineralforvaltning

Mineraler må vere med som tema, men det treng ikkje vere ressurskrevjande. Kommunen kan hente ut data og kart frå NGU og lage ein enkel skildring. Vidare bør kommunen nytte omssynssone for mineralressursar over førekomstene, og slik ivareta og synleggjere ressursane i plankartet. Korleis kan kommunen utnytte denne ressursen og korleis kan ein i planen legge til rette for dette? Dette har også samanheng med handtering av overskotsmasser frå vegprosjekter. Kor har kommunen deponiplassar for mellomlagring før ein kan få til samfunnsnyttig bruk av overskotsmassane. Det er laga ein rettleiar om dette tema som kommunen bør legge til grunn.

Sjødelen

Det er statlege forventingar at ein planlegg for vekst i sjømatnæringa, men innanfor berekraftige rammer. Her må kommunen nytte Regional kystsoneplan og skaffe til veie kunnskap om påverkingar i fjorden per i dag. Fylkesmannen legg til grunn at laks og innlandsfisklova også gjeld i sjøareala. Kommuneplanprosessen handlar om å avklare lokaliteter utan at det medfører utilbørleg miljøpåverknad av fjordsystemet.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å ivareta havbruksinteressene. I konsesjonsbehandlinga vert mange av vurderingane som vert etterspurt gjennomført i samband med sektorlovhandsaminga. Det er fare for dobbeltarbeid. Ein bør heller ikkje ha for strenge føresegner om lukka anlegg.

Hordaland fylkeskommune viser også til at dette er ein balansegang mellom plan- og bygningslova og sektorlov. Dette forholdet er under utvikling samtidig som næringa utviklar seg. Plankonferansen i 2018 skal handle om planlegging i sjø og strandsone. Her vil det kome gode eksemplar og inspirasjon.

Det er viktig at kommuneplanen synleggjer områder for låssetting, her er det normalt ikkje konflikt fordi områda kan nyttast fritt til friluftsliv når dei ikkje er i bruk. Kommunen bør likevel unngå faste installasjonar på låssettingsplassar, mellom anna unngå småbåthamner.

Marint biologisk mangfald må også ha fokus, spesielt på naturtypene Ålegraseng og tareskog. Dette er viktige leveområde for fisk og andre arter. Viktig naturmangfald for eit sunt hav.

Alle partane i planforum er open for å ta eigne møter om konkrete problemstillingar undersvegs i prosessen.